



Austevoll kommune

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

Vår ref. 11/484-13/4101/ANF	Arkivkode TI-&13, FA-U01	Dykkar ref.	Dato 15.03.2013
---------------------------------------	------------------------------------	--------------------	---------------------------

Melding om vedtak Konsekvensene ved innføring av ny Hardangerfjordforskrift

Austevoll kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte den 14.03.2013, sak 024/13.
Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre har i dag drøfta konsekvensane for regionen dersom regjeringa går inn for å innføra nytt forvaltningsregime for akvakulturnæringa i Hardangerfjorden.

For Sunnhordland vil innføring av Hardangerfjordforskrifta få alvorlege konsekvensar for både oppdrettsbransjen og for kommunane. Det vil bety tap av mellom 330 – 460 årsverk i næringa i regionen og 915-1260 årsverk på Vestlandet. I tillegg til desse vil det òg gje negative ringverknader hjå underleverandørar.

Dette vil vidare gje konsekvensar for skatteinntekter og sysselsetting. Det vil bety nedbygging av aktivitet hjå viktige aktørar innan foredling. Dette vil igjen føra til sterk reduksjon av bearbeiding og foredling, tap av kompetanse og omdømme (merkevarefisk) og avskrivning av store gjennomførte investeringar, og bortfall av planlagde investeringar.

Austevoll kommunestyre krev at departementet oppfyller lovmessige krav til konsekvensutgreiing før ny forskrift vert vedteke.

Austevoll kommunestyre er difor bekymra for dei samfunnsmessige konsekvensane dette vil gje. Dette er og dokumentert gjennom rapporten ”Konsekvensanalyse av mulig innføring av Hardangerfjordforskriften”, mars 2012, Asplan Viak. Dei siste åra er det innført 4 nye forskrifter som i all hovudsak omhandlar Hardangerfjordregionen – det vil seia Hardanger og Sunnhordland.

- Frysforskrifta nemnd tidlegare
- PD forskrifta som regulerer forhold kring fiskesjukdommen Pancreas Disease



Austevoll kommune

- Forskrift som regulerer grenser for tal lus og forhold kring avlusing – ny forskrift frå desember 2012
- Forskrift som regulerer forhold kring sonevis brakklegging av lokalitetar.

Forskriftene har hovudfokus på tiltak for å redusera lakselus og sjukdom og å ivareta villaksen. I tillegg føregår det eit samarbeid mellom Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, næringsaktørar, elveigarlag, Mattilsynet og representantar frå kommunane gjennom ”Strakstiltak for Hardangerfjorden”. I dette arbeidet ser ein på rømming, lus, sjukdom, tiltak for villfisk mm. Fleire tiltak er sett i verk.

Austevoll kommunestyre trur den beste løysinga ligg i eit tett og forpliktande samarbeid mellom oppdrettsnæringa og elveeigarane.

Med helsing

Helge Andre Njåstad
Ordførar